

## Muren i Misteindalen



Muren i Misteindalen i 2005. Ola Skipevåg og Henrik R. Skipevåg

Muren i Misteindalen, eller kanskje Midtsteindalen. Denne dalen går ein vanlegvis opp når ein skal til Sellandsnuten via Hustoftstølen.

Det som er litt spesielt er at det aldri har vore bygning på muren. Den skal ha blitt bygt i 1850-åra av tippoldefar Lars O. Skipevåg (1807-1877)

Ut frå tilstanden til muren etter over 150 år, og steinmateriellet dei hadde til rådighet så må det ha vore utført godt håndverk.

Ola Jensen Apeland frå Sandeid (Ola Hyttebøen) budde på Hyttebøen på denne tida. Han kom til Hyttebøen etter at Torjus Olsen Skipevåg (bror til tippoldefar Lars O.) flytta til Vikjå ca 1855.

Ola Apeland var ein særst flink gråsteinsmurar. Det var han som var bas på grunnmuren til Imslandskyrkja. Historia fortel at Ola Hyttebøen (Apeland) blei leigd inn til å setja opp muren i Misteindalen.

Kva er årsaka til at det så høgt til fjells blei bygt ein så suffesant mur, utan å byggje noko oppå den?

Ja, det veit me ikkje heilt sikkert. Det har blitt fortalt at det på denne tida var ei grensestrid mellom gardane Skipevåg og Hustoft. Lars O. Skipevåg ville av den grunn vekk frå Hustoftstølen og etablere seg i Misteindalen. Dette kan stemme i og med at det var ei voldgiftsak mellom Hustoft og Skipavåg i 1860.

Det kan då vere slik at utfallet av denne saka 17.12.1860 gjorde at det ikkje var nødvendig å flytte stølen likevel, det freda seg til mellom naboane. Ja, kanskje var det slik. Heilt sikre kan ein ikkje vere.



Det er og ein teori som går på at det var slutt på uenigheta då det kom nye folk til Hustoft, og at det var grunnen til at flyttinga til Misteindalen ikkje blei noko av.

Men dette var i 1881. Det var fire år etter at Lars O. døydde, og Ola Hyttebøen var nok ikkje ein aktiv murar heller på den tida.

